

Merknader til “Ny rettskriving for 2000-talet”

1. Innleiing

Eg vil byrje med å rose rettskrivingsnemnda for eit grundig arbeid og eit godt resultat. Det kan ikkje har vore lett å arbeide med eit mandat som lett kan tolkast som motseiingsfylt. Dei skulle lage “ei tydeleg, enkel og stram norm”, samstundes som ikkje mindre enn “[b]reitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former og ord, geografisk spreining og skriftspråktradisjonar” skulle “balanserast i den nye norma”. Vi veit alle at same kva framlegg dei kom med, ville vi vere kritiske til eitt eller anna.

Det er på tide at nynorsken kvittar seg med sideformene. Ivar Aasens landsmål hadde så å seie ikkje noko slikt, og dei færraste skriftspråka i verda har noko liknande. Språkplanleggjarar flest har meint og meiner at jobben ikkje er gjort før ein når fram til eit einskapleg skriftmål der alle ord berre kan skrivast på éin måte. Det meste av den valfridomen som utvikla seg på 1900-talet – både i nynorsk og bokmål – hadde ikkje som det primære målet sitt å gjere alle landsdelar nøgde, men å nå fram til eit sams norsk skriftmål. Ein innførde samleformer utan å avskaffe dei gamle. Tilnærminga mellom nynorsk og bokmål har ikkje vore offisiell politikk på lenge, og det er tid for å rydde opp etter ein politikk som ikkje førde fram. Strengt teke kunne vi ha halde på Ivar Aasens landsmål og levt vel med det, men det toget er gått, for å seie det slik...

I samband med denne innstramma i rettskrivinga må vi tenkje nasjonalt, ikkje lokalt. I motsetnad til bokmålet er nynorsken eit skriftmål som byggjer på tradisjonelt norsk talemål, og vi kjem ikkje utanom at eit landsdekkjande eller nasjonalt skriftmål må lyfte seg over herad og landsdelar. Dette såg Ivar Aasen klårt, og det burde vi au gjere. Vi må godta at det er skilnader på det sams, nasjonale skriftmålet og det lokale talemålet vårt. Skriftmålet kan ikkje elles bli ein samnemnar.

Eg ser sjølvsagt klårt alle vanskane som står i vegen for å oppnå eit system utan både sideformer og jamstelte former. Nynorsken har eit stor synleggjeringsproblem. Jamvel vi som skriv nynorsk, les meir bokmål enn nynorsk. Ikkje alle har høve til heile tida å gripe til ordboka.

2. Allmenne kritiske merknader

I den grad eg vil kritisere rettskrivingsnemnda for noko, er det for å ikkje ha gått langt nok. Dei avskaffar alle sideformer, men gjer det på to vis som ikkje begge gjev “ei tydeleg, enkel og stram norm” som resultat. Når sideformer blir tekne ut or rettskrivinga, blir norma tydeleg, enkel og stram, men når sideformer blir gjorde om til jamstelte hovudformer, blir norma mindre tydeleg, enkel og stram enn før. Der vi før hadde n hovudformer, får vi no $n + 1$ hovudformer. Det er ikkje noko argument mot jamstelte sideformer at systemet er lite vanleg i andre språk, men det er vanskeleg å sjå at vi norskspråklege skil oss frå andre folk i verda på eit slikt vis at vi treng ovringa meir enn andre. Vi er ikkje lenger eit stammesamfunn – eller burde iallfall ikkje vere det.

Om det er noko som overraskar meg ved innstillinga, er det framlegga om å innføre former som ikkje tidlegare har vore tillatne. Eg tenkjer her i fyrste rekkje på framlegget om innføre *dykk* i nominativ attåt *de*. Eit slikt framlegg bryt med mandatet til nemnda, slik eg ser det.

3. Nokre detaljar

3.1. Mann og mus

I ein del tilfelle kjem rettskrivingsnemnda med innstrammingsframlegg som eg ikkje utan vidare likar, helst på grunnlag av mitt eige talemål. Her høyrer fjerninga av fleirtalsformer som *menner* og *myser* heime (eg seier *mennær* og *musnær*). Dette skal eg likevel sjå bort ifrå her – eg ven meg vel til det. Men eg kan ikkje fri meg frå tanken om at fleirtalsformene *menn* og *mus* har blitt dominerande på grunn av bokmålspåverknad.

3.2. Y og ø.

Ord som på norrønt hadde kort *y*, hadde konsekvent *y* i landsmålet til Ivar Aasen. Nynorsken har etter kvart fått *ø* i ein del av desse orda, etter prinsipp som – så vidt eg kan sjå – ikkje heng i hop med norsk talemål på ein rimeleg måte. Nemnda føreslår jamstelling av *y* og *ø* i ei rekkje ord, som i *fylgje/følgje*. Eg ser ikkje poenget med alle desse dobbeltformene.

I mitt eige grenlandsmål, og i mange målføre i andre delar av landet, er det svært ofte [ø] i slike ord. Eg seier [først] *fyrst*, [søster] *syster*, [støkke] *stykke*,

[røkke] *rykkje*, [bølje] *bylgje*, [rønke] *rynke*, [ønke] *ynke*, [trøkk] *trykk*, [kløppe] *klyppe*, [løfte] *lyfte*, [sønn] *synd* osv. Eg har au [ø] i ord som [brøllåp] *bryllaup* og [brøst] *bryst*, der landsmålet hadde andre vokalar (*brudlaup*, *brjost*). Med andre ord har eg [ø] i lang rekkje ord der nynorsk berre tillèt *y*. I atter andre målføre, som dei i Vest-Telemark, er fordelinga mellom [y] og [ø] au ei heilt anna enn på nynorsk; det heiter til dømes [syster] *syster* og [fyje] *fylgje* men [kjørkje] *kyrkje*.

Når former med *ø* har blitt innførde i nynorsk, er det vanskeleg å sjå det som ein freistnad på å kome målføra i møte. I staden er det ei tilnærming til bokmål: *ø* har – med svært få unntak, så vidt eg kan sjå – berre blitt innført der bokmål har *ø*. Døme er *først*, *søster*, *følgje*, *ønskje*. Dersom bokmål har *y* eller ordet ikkje har eit klårt motstykke på bokmål, er framleis *y* eineform. Døme på bokmålsord med *y* er *rykke*, *rynke*, *ynke* og *trykk*; her har nynorsk berre *y*. Døme på nynorske ord utan klårt motstykke på bokmål er *kyrkje*, *byrje* og *symje*; her har nynorsk berre *y*, trass i at [ø] ikkje er mindre vanleg i målføra i slike ord.

Eg har vanskeleg for å sjå at det ikkje er mogeleg å gjere formene med *y* til eineformer. Ei jamstelling mellom *y* og *ø* i somme ord, på grunnlag av tilhøva i bokmål, eller eigentleg i dansk rettskriving, kan ikkje vere noko å halde ved lag. På bakgrunn av tilhøva i norske målføre verkar innføringa av *ø* i somme ord heilt vilkårleg. For meg er det ikkje noko større “problem” å skrive *syster* og *fyrst* enn å skrive *bryst* og *stykke*. Det ser ut til at bokmål blir oppfatta som det “normale”, og at ein tillèt *ø* der bokmål har *ø*, fordi *y* verkar “avstikkande”, “gamaldags” eller noko slikt.

3.3 Makleg og sjukleg – eller?

Nemnda føreslår ein endå større valfridom enn i dag i bruken av binde-e føre sufikset *-leg*. I dag kan det heite mellom anna både *vitskapleg* og *vitskapeleg*, både *gudleg* og *gudeleg*, osv., og nemnda vil au tillate *sjukeleg* i tillegg til *sjukleg*. Argumenta for dette framlegget overtyder meg ikkje. I innstillinga står det (på s. 144):

Eit søk i nynorskkorpuset gir desse resultatata:

<i>appetittleg</i>	6 treff	<i>opphavleg</i>	950 treff
* <i>appetitteleg</i>	1 treff	* <i>opphaveleg</i>	195 treff
<i>makleg</i>	58 treff	<i>sjukleg</i>	160 treff
* <i>makeleg</i>	70 treff	* <i>sjukeleg</i>	34 treff

Her kan me særleg merka oss forma *makeleg*, som får fleire treff enn den forma som er gjeldande i rettskrivinga, nemleg *makleg*.

Her ser det ut til at nemnda tek feil. I *Nynorskordboka* er berre forma *makeleg* nemnd, ikkje **makleg* – og retteprogrammet i Word set ein raud strek under **makleg*. Med andre ord er det i *alle* døma i tabellen over eit godt samsvar mellom høg tekstfrekvens og kva som er tillate. Det er eit argument for ei innstramming.

Her har vi eit ein stor valfridom som eg ikkje kan sjå poenget med. Det er store dialektale skilnader i bruk av binde-e føre *-leg* og i samansette ord, men når ein skal lære seg eit normert skriftspråk, er det ting ein berre *må* lære seg – eller pugge, om ein vil. Vi må berre godta at tilhøva ikkje alltid er som i talemålet vårt. Sjølv har eg måtta lære at eg ikkje kan skrive til dømes **regnefrakk*, **ryggesekk* og **vanskelig* – same kor mykje eg seier det.

Innimellom må språkplanleggjarar berre skjere igjennom og velje éi form. Det lèt seg sikkert gjere på eit relativt prinsipielt vis. Dette med binde-e er truleg heller ikkje eit punkt som vekker sterke kjensler – om eg skal byggje på mine eigne reaksjonar.

3. Eit par detaljar

3.1. Nemnda føreslår å forenkle *korleis*, [*koss*] / [*hoss*] / [*hossen*] til *korleis*. Dei rek- nar med andre ord [*koss*] / [*hoss*] / [*hossen*] som sideformer til hovudforma *korleis*, medan dei etymologisk er sideformer til hovudforma *korso* (< norrønt *hversu* / *hvorsu*). *Hoss* / *hossen* bryt sterkare med normeringssystemet i nynorsk (norrønt *hv-* blir normert til *kv-*, i nokre ord til *k-*) enn *koss*. Utan å ha undersøkt saka nærmare vågar eg den påstanden at *koss* er vanlegare i skrift enn *hoss* og *hossen* (eg veit nesten ikkje om andre enn meg sjølv som ein periode har nytta *hossen...*), og *hoss* og *hossen* bør heilt klårt gå ut. Men *koss* bør vurderast opp mot *korso*, ikkje mot *korleis*. Vi står andsynes desse tre alternativa, der A er det komiteen føreslår:

Alternativ A. *Korleis* og *korso* blir hovudformer. Andre former går ut.

Alternativ B. *Korleis* og *koss* blir hovudformer. Andre former går ut.

Alternativ C. *Korleis*, *korso* og *koss* blir hovudformer. Andre former går ut.

Eg synest valet mellom *korso* og *koss* er vanskeleg, og før ein kvittar seg med ei av formene, bør bruken undersøkjast nærmare. Når det gjeld talemålsgrunnlaget, bør det nemnast at refleksar av norrønt *hversu* / *hvorsu* er svært utbreidde over store

delar av landet (*korso, korsen, koss, hoss, (h)ossen, hossi*, mm.), og det er uheldig å stengje *alle* ute frå skriftmålet, til fordel for den yngre forma *korleis*. Dessutan er det ikkje rimeleg å setje *korso/koss* opp mot *korleis*; her har vi to ord med forskjellig etymologi, og begge bør ha plass i rettskrivinga. Eg kjenner ingen andre døme i *Ny rettskriving for 2000-talet* der ord med forskjellig etymologi er vurderte opp mot kvarandre.

3.2. Nemnda føreslår at *svord* og *svor* framleis skal vere jamstelte. Den tradisjonelle forma er *svord* og denne forma burde vere eineform. Fjerninga av etymologiske d-ar fylgjer eit prinsipp som er lånt frå bokmål: norske ord skal skrivast etymologisk berre dersom dei har eit klårt motsvar i dansk. Vi skreiv opphavleg *tid, lid, ord, svord* på landsmål/nynorsk, men skriv no *tid, li, ord, svord~svor*. *Tid* og *ord* heiter det same på dansk; *li(d)* finst ikkje på dansk; *svord* heiter *svær* på dansk. Når det gjeld talemålsgrunnlaget, blir *rd* i *svord* uttala som “tjukk l” i mange austnorske og trønderske målføre, jamvel i Grenland, der *rd* oftast blir uttala [r].

4. Avslutning

Nemnda har gjort eit imponerende og framifrå arbeid, og vi bør i størst mogeleg grad slutte opp om framlegga deira. Det er bra å avskaffe sideformer, og vi kan ikkje alltid få det akkurat slik vi vil.

Den viktigaste kritiske merknaden min er at nemnda burde ha gått lenger. Rettskrivinga blir ikkje tydeleg, enkel og stram ved at mange av sideformene blir opphøgde til jamstelte hovudformer.